

Korpsseminar i Rauland 2020

Det blir korpsseminar på Rauland helga 17. – 19. januar. Vi legg opp til at det skal bli mykje speling, sosialt samvær og tid til skiaktivitet på sundag. Vi skal bu på Raulandsakademiet der vi får full pensjon frå fredag til sundag. Det er plass til 1-4 personar på romma, dei har 1-2 senger, og nokre musikantar må ligge på madrass. Vi får låne dynetrekk, laken, putetrekk og handkle.

PROGRAM:

Fredag 17. januar:

16.15	OBS!	Avreise buss frå Bø hotell parkering .
18.30		Kveldsmat
	19.00	Øving
	21.00	Utpakking på romma

Laurdag 18. januar:

	08.00	Frukost
	09.30	Øving
	13.00	Lunsj
	14.00	Øvingar held fram
	17.30	Planlegg underhaldning for kvelden. Fri - uteleik
	18.30	Middag
	20.00	Underhaldning Sosialt samvær

Sundag 19. januar:

	08.00	Frukost (Hugs matpakke til lunsj!)
09.00		Fellesøving
10.00		Rydde ut av rommet
	10.55	Avreise til skisenteret
	16.00	Avreise <i>frå</i> Rauland Skisenter.

OBS: Skisenteret stenger 15.30.

	17.30 ca.	Heime i Bø (Bø hotell parkering)
--	-----------	---

Andre opplysningar

Seminaret vil bli kostbart for korpset. Frå styret legg vi stor vekt på dette seminaret og håpar det skal gi oss eit godt musikalsk utbytte og at det vil virke positivt på miljøet i korpset. Vi har derfor lagt opp til at seminaret skal vera obligatorisk for alle i hovudkorpset og aspirantane.

Det er høve til å handle snacks og drikke på Raulandsakademiet.

Aktivitetar på sundag

Rauland Skisenter. Pris dagskort er kr. 231 / 291. Denne prisen gjeld om vi er fleir enn 40 deltakarar, det vert noko dyrare om vi blir færre. Det er mange som har meldt interesse for ski i år, så vi reknar med at vi blir nok.

Dei som ønskjer å kjøpe heiskort via skulemusikken sender melding **snarast** til Laila (47 34 91 19). Heiskorta fakturerast frå skulemusikken i etterkant.

Hugseliste

- Alle må ha med seg sitt eige **instrument i orden** (inkl. flisar).
- Notestativ
- **Noter** – Guri sier frå kva som skal med
- Toalettsaker
- Innesko (veldig lurt, faktisk!)
- Skiutstyr
- Godteri / litt lommepengar
- Matboks, termos m/namn for lunsj søndag, liten tursekk
- OBS: Musikantane kan legge PC'en igjen heime. Det er meir sosialt med brettspel, kort og analoge samtalar.

Økonomi

Eigenandel er kr 700,- pr. musikanter i Bø skulemusikk.

Betaling blir kravd inn saman med kontingenten for vårsemesteret.

Leiarar

Laila Jørgedal, Olav Halkinrud, Anita Hellestad, Ole Andre Skalstad, Knut Eirik Hult, Silje Dalen, Øyvind Erikstein, Bjørn Olav Tobro.

Instruktørar

Guri Røsok, Jon Rørmark, Damae Jongkind, John Trygve Bakke, Hilde Ellingsen, Gunn Steinstad

Viktige beskjedar

Det er viktig at dei med matallergiar melder frå om dette i god tid. Om det skulle vere behov for å kontakte korpset eller musikantar i løpet av helga så er det fint viss de kan kontakte leiar Laila Jørgedal ☐47 34 91 19

Ved tidlegare heimreise må foreldre organisere dette sjølv. Musikantane kan hentast på Raulandsakademiet kl. 11 på sundag.

Med beste helsing

Styret i Bø skulemusikk

